

# Årsmelding 2023

Sula sokn



DEN NORSKE KYRKJA

Sula sokn

---

*Dette dokumentet er ein årsrapport for arbeidet i Sula sokn i 2023. Rapporten er utarbeida for Sula sokneråd, og leggjast også fram for soknemøtet til vitande.*

*Årsmeldinga søkjer å gje ei oversikt over aktiviteten i året som har gått, og ei framstilling av den økonomiske situasjonen slik den er kjend no. Årsrekneskapen vert endeleg handsama av soknerådet.*

---



Jan Erik Hovland  
Kyrkjeverje  
Sula sokn

# Innhald

<b>06</b>	SOKNERÅDET
<b>08</b>	UNDERUTVAL
<b>10</b>	KYRKJA SIN STAB
<b>15</b>	KYRKJEBYGG & KYRKJEGARDAR
<b>18</b>	STATISTIKK & NØKKELTAL
<b>20</b>	GUDSTENESTER
<b>22</b>	DIAKONI
<b>27</b>	TRUSOPPLÆRING
<b>25</b>	SAMARBEID SKULE/BARNEHAGE
<b>32</b>	KYRKJEMUSIKK
<b>33</b>	ØKONOMI

# Tru

For av nåde er de frelste, ved tru.  
Det er ikkje dykkar eige verk, det  
er Guds gåve.

*Efesarane 8,2*



# Soknerådet

## Sula sokn

**2023 var valår. Det betyr at kyrkja har hatt to aktive sokneråd i 2023, med skifte i oktober. Det gamle soknerådet hadde desse medlemmene:**

*Mari Kristin Blindheim | Lisbeth Båtnes Hareide | Olav Hoff  
Stine Margrethe Lerheim | Oddmund Jens Måseide  
Anne-Berit Salen | Toril Petrine Solevåg | Øyvind Kåre Sunde.*

*Soknepresten i Sula Anders Barstad er utpeika fast medlem av rådet, med prosten i Nordre Sunnmøre prosti som personleg vara.*

### **Vararepresentantar (i prioritert rekkefølge):**

*Abraham Heggvik | Rolf Idar Fagervoll  
Hege Sonja Tusvik Fiskerstrand | Jarle Sæterstøl.*

### **Kommunestyret sin representant etter kyrkjelova har vore**

*Annbjørg Skår Jarnes, med Jan Magnar Sandvik som personleg vara.*

**Øyvind Kåre Sunde har vore leiar i soknerådet og Mari Kristin Blindheim nestleiar.**

# Nytt sokneråd

## etter kyrkjevalet 2023

**I oktober vart det nye soknerådet konstituert.**

**Det har denne samansetninga:**

*Mari Kristin Blindheim | Adelheid Joan Nesje Dybvik  
Hege Sonja Tusvik Fiskerstrand | Sogni Margrete Grøndal  
Lisbeth Båtnes Hareide | Olav Christian Rønneberg  
Anne-Berit Salen | Silje Aannø.*

*Soknepresten i Sula Anders Barstad er fast medlem av rådet, med prestevikar Stine Margrethe Lerheim som personleg vara.*

### **Vararepresentantar (i prioritert rekkefølge):**

*Johan Mindor Indrevåg | Cecilie Sæther  
Markus Aarsund Nygård | Jarle Sæterstøl  
Eivind Kåre Sørheim.*

### **Kommunestyret utpeika desse nye representantane:**

*Jim-Arve Røssevoll, med Vibeke Bjørkavåg som personleg vara.*

**Mari Kristin Blindheim vart vald som leiar, og Olav Christian Rønneberg nestleiar.**



# Underutval

## Sula sokneråd

- *Administrasjonsutval*
- *Arbeidsutval*
- *Forhandlingsutval*
- *Diakoniutval*
- *Barne- og familieutval*
- *Gudsteneste- og kulturutval*
- *Kyrkje- og kyrkjegardsutval*
- *Estetisk utval*
- *Planutval for kyrkjelydssenter*

*I tillegg har soknerådet representanter i:*

***Kirkens Nødhjelp:***

*June Skodje Skaar, ny representant: Adelheid Dybvik.*

***Kirkens SOS:***

*Lisbeth Båtnes Hareide, ny representant*

*Olav Christian Rønneberg.*

***Kirkens bymisjon, Møre:*** *Anne-Berit Salen, gjenvald.*

# Møter

## i soknerådet

Soknerådet hadde 8 møter i 2023, og behandla 57 saker.

Det vart halden årleg soknemøte 16. april, med mellom anna framlegg av årsmeldinga for 2021 og 2022.

# Likestilling

## i soknerådet

Soknerådet har som mål å arbeide aktivt for å fremja likestilling og hindre diskriminering. I soknerådet som styrande organ er det 10 faste medlemmar (9 folkevalde, der ein er utnemnt bland politikarane i kommunestyret).

Av dei faste medlemmane var det 4 menn og 6 kvinner i det gamle rådet, medan det nye har 3 menn og 7 kvinner.

Det er 4 menn og 3 kvinner tilsett i verksemda. Ei av kvinnene har deltidsstilling.

# Kyrkja sin stab

## Sula sokn

**Soknerådet har ansvar for 7 stillingar fordelt på 6,8 årsverk. I tillegg er det 2 prestar fordelt på 1,8 årsverk som gjer teneste i soknet. Desse er tilsett av Møre bispedømme for teneste i Nordre Sunnmøre prosti.**

**Ved utgangen av 2023 er desse fast tilsette i Sula kyrkjelyd:**

<i>Sokneprest</i>	-	<i>Anders Barstad</i>
<i>Prestevikar</i>	-	<i>Stine Margrethe Lerheim</i>
<i>Kyrkjetenar</i>	-	<i>Harald Inge Haagensen</i>
<i>Kantor</i>	-	<i>Håvard Sveås</i>
<i>Organist (25%)</i>	-	<i>Geir Harald Eikrem</i>
<i>Kyrkjelydspedagog (75%)</i>	-	<i>Geir Harald Eikrem</i>
<i>Kateket</i>	-	<i>Anne Marie Sødal</i>
<i>Konsulent (80%)</i>	-	<i>Monica Blom-Welle Eikrem</i>
<i>Diakon*</i>	-	<i>Ingvild Snipsøyr</i>
<i>Kyrkjevevje</i>	-	<i>Jan Erik Hovland</i>

**Endringar og vakansar** 2023 har, som 2022, også vore prega av store vakansar, med nokre permisjonar og lengre sjukemeldingar. Det har og vore andre endringar i stillingane våre.

Kirsti Evensen Bjåstad og Odd Bjåstad, som har vore tilsett som prest (kapellan) og kyrkjetenar sa opp sine stillingar i sommar, då dei ønskte å flytte nordover igjen til Lofoten. Inn kom Harald Inge Haagensen som kyrkjetenar, og Stine Margrethe Lerheim som prestevikar.

Barbro Elin Godø Thomassen sa opp si stilling i sommar, etter lang teneste som kateket i kyrkjelyden. Vikar i kyrkjelydspedagogstillinga Anne Marie Sødal, søkte og fekk jobben, og vart då fast tilsett som kateket frå 1. oktober 2023.

Kyrkjevevja har i snitt vore 50% sjukemeldt i 2023. Frå 1. juli vart det difor konstituert ein dagleg leiar-stilling med ansvar for personalleiing og dagleg drift av verksemda. Konsulent Monica Blom-Welle Eikrem vart tilsett i stillinga. Ho hadde til då vore fungerande kyrkjevevje sidan mai 2022.

Det har òg vore vakansar i stillingane som kyrkjelydspedagog og diakon i løpet av året. Lars Håvard Eikrem har bidratt i barnekora, konfirmant- og trusopplæringsarbeidet i ei lita stilling, medan Therese Brungot har vore tilsett som vikar for diakonen i 50 %, med hovudansvar for mellom anna babysong og kyrkjeklubben.

Alle vakansane og endringane har påverka staben og aktiviteten i kyrkjelyden. Vi vonar det framover kan stabilisere seg, og at vi kan oppnå ei meir normal driftssituasjon.

# Kyrkjeval

## Sula sokn

**2023 var val-år. Kyrkjevalet vart gjennomført samtidig med kommune- og fylkesting-valet i eit lokale i nærleiken. Soknerådet og staben førebudde valet månader i førevegen. På valdagen var 21 valfunksjonærar i sving, fordelt på tre val-lokalar. 10 av desse var tilsette.**

I kyrkjevalet er det også to val, val til lokalt sokneråd, og regionalt bispedømmeråd; bispedømmeråda er også delegatar til kyrkjemøtet, som er Den norske kyrkja sitt øvste organ.

Valdeltakinga har gått noko ned sidan førre val, men satsinga på digital førehandstemming har meir enn dobla talet som førehandsstemte.

Det rettast stor takk til valfunksjonærande som gjorde ein flott innsats med gjennomføringa.

### Valdeltaking og nøkkeltal

Valdeltaking og forkasta stemmegjevingar – begge val – endelege tal:	
<i>Tal på personar som stemte ved eitt eller begge val</i>	<b>742</b>
<i>Tal på personar som førehandsstemte</i>	<b>196</b>
<i>Tal på gjevne stemmer frå veljarar under 18 år</i>	<b>6</b>
<i>Tal på forkasta stemmegjevingar</i>	<b>14</b>
<i>Vedtaking i prosent totalt</i>	<b>13</b>

### Valdeltaking og og nøkkeltal - soknerådsva - endelege tal:

<i>Tal på personar med stemmerett - SR-val</i>	<b>5695</b>
<i>Totalt tal på stemmesetlar</i>	<b>708</b>
<i>Tal på blanke stemmesetlar</i>	<b>17</b>
<i>Tal på uretta stemmesetlar til Nominasjonskomiteens liste</i>	<b>189</b>
<i>Valdeltaking SR-val i prosent</i>	<b>12</b>
<i>Tal på forkasta stemmesetlar</i>	<b>12</b>
<i>Tal på retta stemmesetlar til Nominasjonskomiteens liste</i>	<b>490</b>

### Valdeltaking og og nøkkeltal - bispedømmerådsva - lokal oppteljing:

<i>Tal på personar med stemmerett - BDR-val</i>	<b>5684</b>
<i>Totalt tal på stemmesetlar</i>	<b>355</b>
<i>Tal på blanke stemmesetlar</i>	<b>22</b>
<i>Tal på uretta stemmesetlar til Nominasjonskomiteens liste</i>	<b>60</b>
<i>Tal på retta stemmesetlar til Nominasjonskomiteens liste</i>	<b>64</b>
<i>Tal på uretta stemmesetlar til Bønnelista</i>	<b>24</b>
<i>Tal på retta stemmesetlar til Bønnelista</i>	<b>19</b>
<i>Tal på uretta stemmesetlar til Frimodig kyrkje</i>	<b>28</b>
<i>Tal på retta stemmesetlar til Frimodig kyrkje</i>	<b>28</b>

# Kyrkjebygg og kyrkjegardar

Valdeltaking og og nøkkeltal - bispedømerådsva – lokal oppteljing, forts.:

Tal på uretta stemmesetlar til Open folkekyrkje	76
Tal på retta stemmesetlar til Open folkekyrkje	34
Valdeltaking BDR-val i prosent	6
Tal på stemmesetlar valstyret var i tvil om	0

Valdeltaking og og nøkkeltal - sidan kyrkjevalet 2019

Kva	2023	2019
Valdeltaking begge val i prosent	13	18
Førehandsstemte - begge val	196	86
Valdeltaking SR-val	708	978
Valdeltaking BDR-val	355	825

I kyrkjebygga og på kyrkjegardane har vi arbeida med desse prosjekta i 2023.

**Maling av Indre Sula kyrkje** Det største prosjektet i 2023 var slutføringa av maling av Indre Sula kyrkje. Det vart også avdekka noko råteskade, som også vart utbetra. Det ytre skalet av bygget framstår no i god stand. I åra framover må ein ta tak i dei indre overflatene, med vekt på golvdekket i kyrkjesalen.

**Veg og parkeringsplass** Kommunen sitt prosjekt med ny veg og parkeringsplass ved kyrkja vart forseina, og skal fullførast i 2024.

**Minnesmerke namna minnelund** Det felles minnesmerke på namna minnelund på Indre Sula kyrkjegard vart ikkje ferdigstilt i 2023. Arbeidet held fram i 2024.

**Langevåg kyrkje, kapellet og kyrkjegarden** I Langevåg vart det ikkje gjennomført nokon vesentleg endring i kyrkjebygget.

På kyrkjegarden vart det ei midlertidig pause i dugnadsprosjektet på kapellet, på grunn av stans i investeringstilskot frå kommunen. Prosjektet vil halde fram i 2024. Dugnadsgjengen har likevel vore i aktivitet, og har i 2023 hatt fokus på felling av tre og småskog rundt om på den gamle kyrkjegarden. Det har resultert i mykje ved som vert delt ut til trengande etter same modell som matkassene.

Takk takk for flott innsats!





Foto: Malin Longva

# Håp

**Må Gud som gjer håp, fylla dykk med all glede og fred i trua, så de kan vera rike på håp ved Den heilage andens kraft.**

*Romarane 15,13*



# Statistikk

## 2023

Etter pandemi-åra 2020 og 2021 ser vi at vi no har meir stabile tal. Gudsteneste- og nattverd deltakinga har ikkje komen heilt opp på nivået før pandemien. Noko kan skyldast litt redusert aktivitet dei siste åra, men det vil vere viktig for soknerådet og kyrkjelyden å finne tiltak som kan auke gudstenestedeltakinga.

NØKKELTAL	2019	2020	2021	2022	2023
<i>Døypte born i alt</i>	<b>65</b>	<b>53</b>	<b>60</b>	<b>65</b>	<b>64</b>
<i>Fødde i Sula kom.*</i>	<b>91</b>	<b>101</b>	<b>97</b>	<b>94</b>	<b>95</b>
<i>Døypte av folketal %</i>	<b>71%</b>	<b>52%</b>	<b>61%</b>	<b>69%</b>	<b>67%</b>
<i>Vigsler</i>	<b>11</b>	<b>9</b>	<b>10</b>	<b>7</b>	<b>10</b>
<i>Gravferder</i>	<b>60</b>	<b>68</b>	<b>69</b>	<b>62</b>	<b>52</b>
<i>Gudstenester i alt</i>	<b>99</b>	<b>65</b>	<b>83</b>	<b>91</b>	<b>92</b>
<i>Gj, snitt gudst. deltaking</i>	<b>120</b>	<b>66</b>	<b>61</b>	<b>105</b>	<b>99</b>
<i>Totalt deltakarar gudst.</i>	<b>11916</b>	<b>4298</b>	<b>5039</b>	<b>9621</b>	<b>9113</b>
<i>Totalt deltaking nattverd</i>	<b>2629</b>	<b>1438</b>	<b>810</b>	<b>1910</b>	<b>1799</b>
<i>Snitt-tal nattverd</i>	<b>45</b>	<b>38</b>	<b>29</b>	<b>37</b>	<b>32</b>
<i>Konfirmantar</i>	<b>98</b>	<b>88</b>	<b>96</b>	<b>97</b>	<b>80</b>
<i>15 åringar i Sula kommune*</i>	<b>114</b>	<b>126</b>	<b>121</b>	<b>137</b>	<b>130</b>
<i>Innmeldingar</i>	<b>6</b>	<b>1</b>	<b>6</b>	<b>3</b>	<b>12</b>
<i>Utmeldingar</i>	<b>22</b>	<b>26</b>	<b>36</b>	<b>25</b>	<b>15</b>
<i>Medlemmar</i>	<b>7049</b>	<b>7015</b>	<b>6978</b>	<b>6987</b>	<b>7007</b>
<i>Folketal i Sula kommune**</i>	<b>9310</b>	<b>9409</b>	<b>9547</b>	<b>9636</b>	<b>9720</b>
<i>Medlemsprosent av folketalet</i>	<b>75%</b>	<b>74%</b>	<b>73%</b>	<b>72%</b>	<b>72%</b>

\* = Kjelde SSB. \*\* = Folketal ved 31. desember aktuelle år.

# Gudsteneste

**2023 blei første året etter pandemien, der vi ikkje var underlagt nokon restriksjonar. Talet på gudstenester er omtrent som for 2022. Totalt antal gudstenestedeltakarar har gått noko ned. Dette forklarast i hovudsak med at totalt antal deltakarar på skule- og barnehagegudstenester er noko ned, og at det var ein god del færre konfirmantar i 2023 iht. 2022.**

Vi kjem til å fortsette å jobbe med å gjere gudstenestene gode og tilgjengelege. Vi har som mål å gjere kvar gudsteneste meir unik, med omsyn til tema. Dette var målet også i 2023, men arbeidet måtte utsettast.

I juni feira Langevåg kyrkje 75-årsjubileum, med gudsteneste og gratis konsert med BrassBrothers, og middag for inviterte gjestar. Ein stor takk, først og fremst til kantor Håvard Sveås, som hadde eit stort arbeid med å arrangere musikken, både på notar og med å få BrassBrothers hit. Ein stor takk til staben elles også, som stilte opp og gjorde det til ein flott dag i kyrkja.

Det var like mange barn som blei døypt i fjor, som året før. Det er framleis eit høgare tal enn før pandemien.

Når det gjeld tilfanget av frivillige, opplever vi ei viss auke, særleg når det gjeld frivillige som bidreg i gudstenestene. Therese Brungot, som vikarierer for diakonen i litt av hennar stilling, har gjort ein stor innsats for å rekruttere nye frivillige medarbeidarar. Vi treng framleis å fokusere på utvalsarbeidet, det blir ei viktig oppgåve i 2024.

I 2023 hadde soknepresten ansvar for to tverrfaglege arrangement, med tema «Bygdedyr eller openheit» og «Likkledet i Torino». Vi henta inn gode bidragsytarar innan både det faglege og musikalske. Sjølv om arrangementa ikkje var så veldig bra besøkte, reknar eg dei som vellykka. Vi hadde god økonomisk støtte til arrangementa, ikkje minst frå Kulturrådet, og gjekk med eit moderat overskot til saman.

Til slutt vil eg nytte høve til å takke Kirsti Elise Evensen Bjåstad, som slutta som kapellan hos oss i oktober, for godt arbeid hos oss. Saman med Odd, som var kyrkjetenar hos oss, flytta ho tilbake til Lofoten. Eg ønsker ho lykke til med ny teneste der oppe. Samtidig ønsker eg velkommen til Stine Margrethe Lerheim, som tok over Kirsti Elise sin jobb i desember. Stine er s.k. prest under utdanning (PUU). Det vil seie at ho jobbar i 60 % og har fri i 40 % for å studere.

Anders Barstad  
Sokneprest i Sula sokn

# Kjærleik

**Eit nytt bod gjev eg dykk: De skal elska kvarandre. Som eg har elska dykk, skal de elska kvarandre.**

*Johannes 13,34*



## Diakoni

«Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd» (Plan for diakoni, 2007)

Diakoniarbeidet vert gjennom plan for diakoni delt inn i fire satsingsområde som vi utarbeidar lokale planar for og har som hovudmål for arbeidet vårt i Sula kyrkjelyd. Diakoni er grunnlaget for det meste av aktiviteten vi driv i kyrkja.

### Nestekjærleik

Vi har hatt **institusjonsandakt** kvar torsdag på Sulatunet og annan kvar torsdag på Dagsenteret for eldre og Erindringscenteret. Dette er eit samarbeid mellom staben i Sula sokn og pastorar i ulike frimenigheter i kommunen, etter ein oppsett turnus. Dette året er det pastor i pinsemenigheta Salem som har delteke i turnusen. 2.påskedag og 2.juledag vart det halde gudsteneste på Sulatunet. Dette er viktige diakonale tilbod, og vi er glade for eit godt samarbeid med institusjonane i kommunen. Vi har også ei utegudsteneste 2. pinsedag på Tusenårsplassen, men i år vart denne flytta inn på Sulatun på grunn av dårleg ver. Dette er ei diakonal gudsteneste som på grunn av nærleik til Sulatun er eit tilbod for bebuarane på Sulatun å vere med på.

Vi hadde **Minnegudsteneste** i Langevåg kyrkje 2.juledag. Dette er ei gudsteneste der diakoni står sentralt, med diakoniutvalet som arrangørar og der dei deltek aktivt i gudstenesta. Her får vi gjennom ord og tonar minnes dei i kyrkjelyden vår som har gått bort det siste året.

Kyrkja er også representert i tverrfaglege samarbeid med ulike kommunale instansar. Diakon og sokneprest er kyrkja sine

representantar i den kommunale kriseleiinga og kommunen sitt psykososiale **kriseteam**. Andre kommunale samarbeid som kyrkja har vore ein del av har i 2023 ikkje vore i aktivitet.

### **Inkluderande felleskap**

Kyrkja har fleire tiltak for inkluderande fellesskap for ulike grupper.

- **Kyrkjeklubben** er ei tilrettelagt samling for menneske med ulike funksjonsnedsettingar, og dei har samling ca. ein gong i månaden i Langevåg kyrkje.
- **Språkkafe** på biblioteket som er eit tilbod til innvandrar som ynskjer å bli integrert og lære betre norsk. Dette er eit samarbeid mellom kyrkja, biblioteket og Langevåg Røde kors. Samlingane er ca 1 gong i månaden på biblioteket og er eit godt fungerande integreringstiltak i Sula. Tilbakemeldingar frå brukarane gir tydelig uttrykk for at dette er ein viktig arena for integrering av dei som kjem til kommuna vår.
- **Kyrjekaffi** ynskjer vi å ha etter alle vanlege gudstenester. Det er frivillige medarbeidarar i kyrkjelyden som har ansvar for dette etter oppsett turnus. Dette er eit viktig diakonalt tiltak for å skape fellesskap knytt til gudstenestene våre.

**Fellesskap for born og unge** som babysong og barnekor har vore populære aktivitetar også i år. Vi har hatt tilbod om babysang både vår og haust i 2023. Dette er eit viktig fellesskap som vi ynskjer å kunne tilby til foreldre og born som er heime i fødselspermisjon.

Barnekoret er eit stort og veksande arbeid som diakon er involvert i. Ved utgangen av 2023 var det ca. 50 barn innmelde i Blessing og ca 15 tweens i BigBless.

### **Vern om skaparverket og kampen for rettferd**

Misjonsprosjektet vårt i Sula kyrkjelyd er kyrkjelydsplanting og bygging av to kyrkjer i Saku og Mustame i Estland. Dette misjonsprosjektet har vi hatt ei stund og vi ser no at dette har gjort det mulig for dei å vekse og drive eit stort arbeid.

Misjonsforeininga Ester vart starta for ti år sidan når dette misjonsprosjektet vart nytt og hadde i 2023 10 års jubileum, GRATULERER! Dei har i desse åra hatt faste møter og stått for ein stor del av dei innsamla midlane til misjonsprosjektet. Kyrkjelyden vår har i 2023 også gjennom ofringar på gudstenester og privat givarteneste samla inn midlar til dette misjonsprosjektet.

**Kirkens nødhjelp** sin fasteaksjon er eit anna stort diakonalt tiltak i kyrkjelyden vår. Her er ein med å gjere ein forskjell for dei som har minst. Arbeidet med at fleire skal få tilgang på reint vatn har dei siste åra vore satsingsområdet for Fasteaksjonen. Pengane vart i år samla inn gjennom ein dør-til-dør -aksjon. I 2023 vart det samla inn 111 993 kr til årets aksjon gjennom dør-til-dør-aksjon, gudstenesteeoffer, vipps og facebook. Dette er eit kjempebra resultat, og på grunn av lite konfirmantkull og mykje sjukdom var det dessverre mange av rodene som ikkje var oppdekt og kunne sikkert klart eit enda høgare resultat dersom vi hadde dekt opp alle roder. Tusen takk til alle konfirmantar, foreldre og frivillige som var med å gjere dette mogeleg.

### **Diakoniutval og framtidsplanar**

Diakoniutvalet i Sula sokn bestod i 2023 av Lisbeth Båtnes Hareide (leiar), Heidi Vold, Jorid Strømmand, Rigmor Matvik, Toril Petrine Solevåg, Oddmund Måseide og Olav Hoff. Frå staben er diakon Ingvild Snipsøyr med i utvalet.

På grunn av vakansar i staben har det i 2023 vore lite møtevirksomhet i diakoniutvalet. Dei oppgåvene som har vore knytt til utvalet har blitt utført og planlagt på rutiner frå tidlegare år og planlegging har skjedd på e-post før dei ulike arrangementa.

Etter soknerådsvalet hausten 2023 har det blitt litt utskiftningar i diakoniutvalet. Diakoniutvalet ved årsskiftet 23/24 består av Lisbeth Båtnes Hareide, Sogni Grøndal, Jorid Strømmand og Rigmor Matvik. Utvalet vil prøve å knyte til seg eit par medlemmer til. Vi håpar også på å få i gang igjen arbeidet i utvalet, slik at også nye tiltak kan startast opp i 2024.





# Trusopplæring

2023 har vore eit år prega av utskiftingar i stab som har skapt litt ustabilitet i trusopplæringssektoren. Likevel har vi gjennomført dei fleste av tiltaka i planen, ved å endre litt på tidspunkt for gjennomføring og bruke eksterne vikarar.

## Ulike tiltak

På våren gjennomførte vi 1.klassesamling og gudstenester og Mesternes Mester som vanleg. Tidsreisa vart avlyst, og tårnagentdag vart flytta til fredag 23.juni – dagen skuleferien starta. Bortsett frå dette måtte vi avlyse både Mesternes Mester og Tidsreisa på grunn av sjukmeldingane.

**Mesternes Mester** Mesternes Mester (7.kl) var det 28 deltakarar på. Veldig kjekt. Men det var forholdsvis få som møtte på tårnagenthelg (14 stk), så det kan nok vere at det vart eit dårleg tidspunkt.

**Kirkerotteteater** Vi hadde også i løpet av våren besøk av «Kirkerotteteater» teaterforestilling der 5- og 6-åringane vart inviterte. Det kom ca. 20 stk. i målgruppa og minst like mange foreldre/søsken. Eit godt opplegg for både små og store!

**Klar! Ferdig! Gå!** Etter sommaren starta vi med Klar!Ferdig!Gå!-gudsteneste som nok ein gang var ein stor suksess. Eit flott arrangement der vi får vist fram litt av breidda av kyrkjelyden. Flott at både mange tilsette og frivillige er i sving her; det er vel det næraste vi kjem ein kyrkjelydens dag gjennom året. Både Blessing og BigBless var involvert, og det var 26 - 5-åringar og 23 - 2.klassingar tilstades, i tillegg til mange andre barn og vaksne.



I oktober hadde vi to 4-årssamlingar og 4-årsgudstenester med tilsaman 40 4-åringar innom.

I november hadde vi gudsteneste med påfølgande samling for 4.klassingane, men Lys Vaken vart dessverre avlyst grunna berre tre påmeldte.

**Påmelding og utfordringar** Vi ser framleis at generelt er det ein tendens til fallande påmelding på tiltaka våre etter pandemien (med unntak av Mesternes Mester). Dette kan vere ein konsekvens av sjølve pandemien, men vi veit ikkje det med sikkerheit. Vi ser også at det å ha foreldre som minner om tiltaka våre i foreldregrupper på facebook og slikt, ofte er til god hjelp. Så eit tips er kanskje å finne fleire foreldre å alliere oss med. Og elles vere flinke til å reklamere og snakke med folk. Vi opplever at folk som kjem er godt nøgde med å vere med.

**Korarbeid** Blessing og BigBless hadde i 2023 10-årsjubileum, og feira det med stor jubileumskonsert i ei tilnærma fullsett kyrkje. Ei stor oppleving for både barna og vi vaksne som har drive koret desse 10-åra. Vi satsar på mange fleire år.

I tillegg til jubileumskonserten kan vi nemne at Blessing song på 1.klassegudstenestene i januar, og var på besøk på Frikirka i oktober. BigBless song blant anna på Opplev Sula i februar og på haustmarknad på Mauseidvåg bedehus i oktober. I tillegg var begge kora med på lystenning ved Devoldfabrikken i november.

Elles var det også i 2023 noko sjukmeldingar, men ved god hjelp av flinke vikarar fekk vi gjennomført dei fleste øvingane.

**Søndagsskulen** I 2023 har det dessverre ikkje vore søndagsskule. Vi ønskjer gjerne å starte opp att, men bemanningssituasjonen har vore slik at dette ikkje har vore noko staben har makta å ta tak i no, og vi tenkjer det er eit arbeid som bør skje i hovudsak med ulønna medarbeidarar.

**Babysong** Gjennom heile året har det også vore babysang i Langevåg kyrkje på måndag føremiddag. Therese Brungot har leia det.

**Konfirmantar** Våren 23 hadde vi 84 konfirmantar. Hausten 23 starta rekordmange 115 9.klassingar som konfirmantar hos oss. Vi drog på leir med 33 konfirmantar og 4 ungdomsleiarar frå 1. kl. vgs.

Alle konfirmantane var også med på nattcup i Sparebanken Møre Arena saman med konfirmantar i Ålesund. Ein kveld som var kjekk for dei aller fleste.

Elles har det vore «vanlege» undervisningssamlingar i kyrkja etter skuletid i grupper.



Konfirmantoppgåve i samling  
- velje seg eit bibelvers og ta  
eit bilde med mobilen av noko som  
illustrerer bibelverset, slik  
at det utfyll kvarandre.

Her er to av dei mange kreative  
oppgåvebesvarelsane som  
konfirmantane har laga






# Samarbeid

## Skule og barnehagar - kyrkjesamarbeid

Våren 23 hadde vi påskevandringar med dei eldste i barnehagane og før jul hadde vi julevandringar. Vi hadde også gudstenester for alle barnehagane til jul. Nokre av barnehagane laga engler som vi pyntar med i kyrkja før jul.

Alle skulane var også på julegudstenester dei to siste skuledagane før jul. I tillegg har vi også hatt skuleklassar på besøk i Langevåg kyrkje både med fokus på kyrkjemusikk og kyrkjebygg.

Vi opplever at vi har eit godt samarbeid med både skule og barnehagar. Og så ønskjer vi på sikt å legge ei plan saman med skulane for arbeidet, så det ikkje blir tilfeldige besøk, men at vi har gode tema å tilby som passar inn i planane til skulen.



75 års jubileumskonserten for Langevåg kyrkje gjekk av stabelen 11.06.23. Dette vart litt av ein festdag!



# Kyrkjemusikk

2023 var eit flott år for kyrkjemusikk på Sula!

Det kanskje aller største høgdepunktet var nok feiringa av 75-års-jubiléet for Langevåg kyrkje. Brazz Bros, Langevåg musikkorps og Scala Brio løfta nesten taket av kyrkja, og det var ei særst god oppleving å få feire saman med storslått musikk og song. Det gjekk for underteikna sin del mykje tid til både komponering og arrangering til dette, men det var det verdt! Og eg vonar verkeleg at folket på Sula kjende at orda i jubileumssongen stemmer, at kyrkja er “Ein stad å kome heim”.

**Matpakkekonsert** “Matpakkekonserten” heldt også fram i 2023. I alt blei det arrangert 10 slike i løpet av året, og med finansiering gjennom av kollekt frå tilhøyrarane har det vore eit variert program: Underteikna har hatt nokre konsertar åleine, Svein Blomvik har spelt trekkspel, Erling With Aasgård har heldt orgelkonsert, Sarah Sveås og Casper Blomvik har spelt piano, den nye kulturskulerektoren Kjetil Lunde Ingvaldsen har vore med på saksofon og Thomas Nygård på cello. Konsertane har vore godt besøk med mellom 30 og 60 tilstades, og framleis ei glede for både utøvarar og tilhøyrarar å kunne møtast med kultur og kaffikopp på denne måten.

**Musikalske messer** Det har vore musikalske messer med mellom anna “Voxing” (tema gospel), “Von Dess” (tema takkemd), kantor Sveås og Thomas Nygaard (tema Ole Paus) og orgelimprovisasjon på langfredag.

**Konsertar** Som vanleg har det vore ei rekkje konsertar i kyrkjene med ulike aktørar. Askjell Molvær si jazzmesse vart framført berre kort tid etter at Jens Arne Molvær gjekk bort på hausten. Det vart ei spesiell oppleving, og som kantor som har samarbeidd med begge Molværbrørne i kyrkja ei rekke



gonger synest eg det er verdt å takke dei for det dei har vore med og gitt Sula-folket opp gjennom åra i ulike kyrkjesamanhengar!

Scala Brio og Ekko hadde julenattinéar, trioen Beate Blindheim, Chris Lund og Oddgeir Bruaset, duoen Tord Juul og Maria Juarez og Naturen syng heldt julekonsertar, og kulturskulen har hatt både pianokonsert og julekonserten “Stjerneskimmer” i løpet av året, for å nemne nokre.

**Musikalske andakter** Livet held elles fram som vanleg med musikalsk deltaking i andaktene på eldreinstitusjonane, Syng med oss og sangstunder på Molvær senter, og i gravferder, vigslar og gudstenester i soknet.

**Korarbeid** Barnekora Blessing og Big Bless hadde også jubileum i 2023, med ein flott jubileumskonsert i Langevåg i juni. Det gjev von om ei god framtid for kyrkja at så mange born er innom og tek del i dette flotte tilbodet. Honnør til Geir Harald Eikrem, godt hjelpt av Ingvild Snipsøyr og Mari Blindheim som står på for borna!

Langevåg, januar 2024  
kantor Håvard

# Økonomi

Rekneskapen er ført og avstemt av økonomiavdelinga i kommuna, og vert fastsatt i soknerådet

## Resultat

Etter fleire år med stram økonomi, vart det merkbart verre i 2023. Det er i stor grad personalkostnadene som er drivande for soknet sin økonomi, og i 2023 gav eit stort lønsoppgeret og glidningar (ansiennitets-opprykk og hopp i lønsgruppe) ei markant auke i løn og sosiale kostnader. Desse vart ikkje fullt ut dekt av inntektene, sjølv om tilskotet frå kommunen vart auka i løpet av året. Auka lønskostnader gjev også auka pensjonskostnader, og halvvegs ut i året vart prognosane frå KLP oppjustert med 300.000. Ei slik innsparing viste seg svært vanskeleg å klare med nesten halve året fullført. Andre kriser i verdsøkonomien har også ført til auka kostnader på varer og tenester, noko vi også merker i vårt rekneskap.

Resultatet vart likevel ikkje så gale som frykta, då det viste seg at delar av festeavgifta frå 2022 vart fakturert i januar 2023, og altså vart ein del av årsrekneskapen for 2023. Dette utgjorde vel 200.000.

Det økonomiske grunnlaget kjem gjennom tilskot frå kommunen, heimla i Lov om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravplasslova) § 3 og Lov om trus- og livssynssamfunn (trus-samfunnslova) § 14. Tilskotet til drift frå kommunen i 2023 var kr 5.302.151, der kr 578.151 utgjer eit ekstraordinært tilskot til maling av Indre Sula kyrkje.

Soknet hadde eigne driftsinntekter på kr 970.000 (festeavgifter og betaling for gravstell på kyrkjegardane, utleige til konsertar, billettinntekter frå nokre arrangement, osv.). Andre inntekter var statstilskot, tilskot frå bispedøme til løn til diakon-stillinga og trusopplæring, sjukelønsrefusjonar/overføringar, mva-kompensasjon, og gudstenesteoffer og andre gåver gitt til kyrkjelydsarbeidet.

Driftsrekneskapen visar eit meirforbruk på kr. 86.736. Meirforbruket skal førast opp til dekning i 2024 og skal behandlast i soknerådet.

Det var ikkje gitt tilskot til investeringar frå kommunen i 2023, på grunn av ekstraordinært tilskot til maling av Indre Sula kyrkje. Soknerådet hadde nokre ubundne investeringsmidlar, og hadde budsjettert med bruk av desse. Det vart likevel ikkje brukt, på grunn av manglande kapasitet i administrasjonen. Desse prosjekta vert ikkje avlyst, men vil bli gjennomført på eit seinare tidspunkt.

Ved årsavslutninga har soknerådet eit disposisjonsfond på kr 224.000, og andre fond bundne til forskjellige formål på til saman kr 4.212.000. 3 millionar av desse har som formål nytt kyrkjelydssenter i Langevåg.



## Kyrkjeverja om vegen vidare

Store omveltingar i personalet, trongare økonomi, eit skifte av sokneråd; alt dette til tross – vi får til utruleg mykje bra i kyrkja på Sula. Vi skapar mange gode møteplassar for alle slags folk.

«**Rom for alle**» - heiter det i slagordet Den norske kyrkja lanserte for nokre år sidan. Nokre kyrkjelydar hang på «**saman**» også.

«**Ein stad å finne kvile – ein stad å kome heim**», som Håvard Sveås skreiv så flott i jubileumssalmen til Langevåg kyrkje sitt 75 års jubileum i 2023, kan dei fleste kjenne seg godt igjen i.

**Saman kan vi skape rom for alle**, om det er søndag formiddag over ein kaffikopp etter gudstenesta, på Babysong, i konfirmant-timen, i barnekoret, på ein Matpakkekonsert, eller på kyrkjeklubben – for å nemne nokre møteplassar.

Frivillige og tilsette kan med godt samarbeid få til alt dette og meir, også i framtida. Saman er vi sterkare og saman kan vi gjere ein skilnad for andre. Den overordna visjonen til Den Norske kyrkja er å skape «**meir himmel på jorda**» - og det er eit fint mål å ha å strekkje seg mot.







Årsmelding Sula sokn  
2023